

---

**Vår referanse** 2020/62081-2  
**Dato** 09.09.2020

---

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Uttale - Disp. KPA - Gnr 348 bnr 9 - Skurtveit - Alver kommune

Vestland fylkeskommune som vegstyresmakt syner til brev motteke 14.08.2020 med ovannemnde søknad til uttale.

### Kva saka gjeld

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-føremål og 100-meters belte mot sjøen for oppføring av tilbygg, riving og ombygging av eksisterande bustad.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel for Meland er definert som LNF-føremål og kjem i konflikt med byggjegrænse mot sjøen avsatt i kommuneplanen for Meland.

### Saksgang

Før søknaden vert handsama etter veglova, er det behov for å avklare tiltaket etter plan og bygningslova (pbl.) og anna relevant lovverk som kommunen forvaltar. Vestland fylkeskommune har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. pbl. §19-2. Vi har òg klagerett i slike saker. Dette brevet er difor utforma som ei uttale til Alver kommune.

### Uttale

Eigedomen ligg vest for fv. 564 Rosslandsvegen. Eigedomen har avkøyrsløyp til kommunal veg først, slik at Alver kommune skal vurdere avkøyrsløypet.

Utover dette vil vi påpeike at Rosslandsvegen er i svært dårleg forfatning og har eit påtrengande utbetringsbehov. Det manglar blant anna eit langsgåande tilbod for mjuke trafikantar samt trygg skuleveg. Avkøyrsla frå fylkesvegen er heller ikkje i tråd med dagens tekniske krav og har ei slik påkopling på fylkesvegen at bilar som skal køyre på kan halde stor fart. Vi vonar at kommunen er bevisst dette i saker som medfører auka bruk av avkøyrsløyp frå fylkesveg, og legg opp til ein praksis som ikkje fører til dårlegare trafikksikkerheit.

Etter ei samla vurdering av tilhøva på staden har vi ikkje vesentlege merknader til søknaden ettersom det er Alver kommune som tek stilling til avkøyrsløypet.

Vi ber om å få saka til klagevurdering når ho er ferdig handsama.

Med helsing

Hege Løtveit  
LeiarSilje Svanevik-Røren  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

